

**FOSS EIENDOMSSSELKAP AS**

Kvassnesvegen 23  
5914 Isdalstø

Foretaksnr. 993111325

Bankg.nr. 3632.19.47659

Telefoner:

Bjarne Foss 91 78 73 26

Ove Raymond Foss 40 40 45 80

Dato: 07.03.2014

Lindås formannskap v/ ordfører Eva-Mai Sandvik  
Rådhuset  
5914 Isdalstø

Utvalssak 007/03.

Under grunngjeving skriv bygningsjefen:

*Bygningsjefen set avstanden til minimum 2 m av di det skal vera plass til å køyra frå/til parkeringsplassane, på eigen grunn.*

Vi har lagt inn på kart korleis vi oppfatta dette, køyre over parkeringsplassane og til eit område tilhøyrande Foss.

Dersom kommunen har ein annan oppfatning av køyremønsteret, ber vi om melding innan 14 dg.

Dersom vi ikkje får noko svar legg vi til grunn vår oppfatning.

Med helsing

  
Bjarne Foss.

Vedlegg:

Udrag av utvalssak 007/03

Kart

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
10 MAR 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode



Lindås kommune

Arkiv: 188/633  
 Saksmappe: 02/01163-30  
 Sakshandsamar: Tore Svendsen  
 Dato: 19.12.02

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
007/03	Formannskapet	16.01.03

## Byggjesak - Næringsbygg - . Klage på delegert vedtak 234/02 Reklamehuset Eiendomsselskap ANS - Gnr 188 Bnr 633

### Saksdokument vedlagt:

Klage på delegert vedtak 234/02, motteke 06.11.2002

Kommentar til klagen frå tiltakshavar v/advokat Helland, motteke 13.11.2002

Kart som syner situasjonen etter makeskifte, dagsett 16.05.2002

### Saksdokument ikkje vedlagt:

Som til DF sak 234/02

Avtale om leige av areal 8.5 x 38 m, dagsett 15.05.2002

Avtale om makeskifte av areal, dagsett 15.05.02

Som til DF sak 140/02

### **Saksutgreiing:**

Saka skal avgjerast endeleg i samsvar med fvl kap VI.

### **Byggjesak - Næringsbygg - Nybygg**

**Søknad om endring. Søknad om dispensasjon frå nabogrense**

Reklamehuset Eiendomsselskap ANS - Gnr 188 Bnr 633

### **Dokument:**

Søknad om løyve til endring, motteken 04.10.2002.

Søknad om dispensasjon frå nabogrense, motteken 04.10.2002

- teikningar i målestokk 1:200
- situasjonsplan i målestokk 1: 250

### **Saksutgreiing:**

Søknaden gjeld reduksjon av storleiken til tidlegare godkjent bygg(sak 140/02), noko fasadeendring og dispensasjon frå nabogrense, gnr 188/346.

Årsaka til søknaden om endring er at det vert nekta av nabo til å føra opp bygget nærare

nabogrensa(gnr 188/323) enn det lova seier. Dette fører med seg at tiltakshavar må "krympa" bygget

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
59 14 ISDAL STØ	Rådhuset	56 35 65 00	56 35 65 01	7413 05 01005
				Organisasjonsnr
				225 02 750

for å få plass på disponibel tomt. I denne samanheng vert det samstundes endra noko på fasadane Endringane kan me kort summera slik. Ny vindeltrapp(rømningsveg) på austvegg(går ned til garasjeplan) - det kjem to nye parkeringsplassar nord for denne trapp - nordre del av vestveggen er trekt inn om lag 4 0 m. Dette fører med seg at trappehuset vert som eit "tilbygg". Tiltakshavar har gjort greie for at det er tilstrekkeleg med disponible parkeringsplassar, sjølv om avtale med nabo vert sagt opp i frid den opninga som ligg i kontrakten(12 mnd varsel). Det vert søkt om dispensasjon frå nabogrensa for trappehuset(austvegg, lengd om lag 8 0 m) slik at trappehuset kan førast opp om lag 1.5 m frå nabogrense(bnr 346). Gangvegen som ligg inne i kommunedelplanen, skal ledast gjennom garasjeplanet.

#### **Vurdering:**

Bygningssjefen har ingen merknader til at omsøkt bygg vert endra slik innsendte teikningar, stempla motteken 04.10.2002, viser. Men bygningssjefen ønskjer ikkje at bygget vert ført opp slik at trappehuset kjem så nært som 1 5 m frå nabogrense. Bygningssjefen kan godkjenne ein avstand på minimum 2 0 m. Dette for at parkeringsplassane mot sør skal kunne nåast på eigen grunn.

#### **Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 7 gjev bygningssjefen dispensasjon frå pbl § 70 nr 2, første avsnitt om redusert byggjeavstand frå nabogrense til bnr 346, på følgjande vilkår:

- Trappehuset skal ikkje koma nærare nabogrense enn 2 0 m.
- Trappehuset skal førast opp, brannteknisk, slik at risiko for brannspreiing til andre bygg som kjem nærare enn 8 m, vert akseptabel(TEK § 7-2).

#### **Grunngjeving:**

Bygningssjefen set avstanden til minimum 2 0 m av di det skal vera plass til å køyra frå/til parkeringsplassane, på eigen grunn.

Oppføring av dette bygget skal ikkje påføre ekstra kostnader på naboeigedomen dersom det ved seinare høve vert ført opp bygg som måtte koma nærare enn 8 m frå trappehuset.


Søknaden om løyve til tiltak(endring av storleik og fasadeendring) etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Kommunen skal stikka ut bygget. Bygget skal plasserast med o k golv, garasjeplan, på kote 32.2. Målsett situasjonsplan som syner ny plassering, skal sendast inn, seinast ved anmodning om ferdigattest/mellombels bruksløyve. Kontroll av plassering skal dokumenterast av kontrollansvarleg før byggjearbeida vert sett i gong(plan- og bygningslova § 70 nr.1).
2. Punkta 2 - 5 i delegert vedtak sak 140/02, står framleis ved lag.
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve(pbl § 99).

I samsvar med plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før **punkt 1 første setning** i vedtaket er stetta.


Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år(jf. pbl. § 96).

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd).



- Rød linje: Grensene til Reklamehuset
- Blå linje: Grensene til Foss.
- A. Felles vei
- B. Veg over parkeringsplassar.
- C. Veg over Lindås kommune til park.plassar i underetasjen.
- D. Møbellager.
- E. Det gamle Reklamehuset (som er rive).

<b>LINDÅS KOMMUNE TEKNISK</b>	
Arkivkode	188/633
<b>03 JUNI 2002</b>	
Ark.saksnr.	Løpenr.
02/01/63	8788/02
Saksh.	Grad.
SVTO	



ARKITEKT ROLF EIDE



Foss Eiendomsselskap AS  
Kvassnesvegen 23  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2353 - 14/5819

Saksbehandlar:  
Tor Hegle  
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2014

Svar på førespurnad om forståing av byggeløyve i FO sak 007/03, den 16.01.03.

Eg takkar for din førespurnad av 07.03.14., der du la ved eit kart som var påført teikningar.

Eg oppfattar at førespurnaden din rører ved private interesser som gjeld tilkomst til Gbnr.188/633.  
Som følgje av dette ber eg deg rette førespurnaden din til grunneigaren som har tilkomstretten.

Med helsing

*Kopi*

May Eva Sandvik  
Ordfører

Dette svarbrevet vil bli referert til formannskapet.

